



Kunnskapsdepartementet

## **NOU 2016: 14 Høyring - Meir å hente. Betre læring for elevar med stort læringspotensial**

Hovudutval for opplæring i Sogn og Fjordane har handsama høyringsvar i samband med NOU 2016: 14 Høyring - Meir å hente. Betre læring for elevar med stort læringspotensial.

Fylkesdirektøren for opplæring legg ved møteprotokoll og saksframstillinga som høyringsvar frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Med helsing

Bekka Skaasheim  
fylkesdirektør for opplæring

Kenth Rune T. Måren  
teamleiar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

1. Møteprotokoll
2. Saksutgreiing

Mottakar (ar)  
Kunnskapsdepartementet

Kopi til:



## Saksprotokoll

**Organ:** Hovudutval for opplæring

**Møtedato:** 22.11.2016

**Sak nr.:** 16/7554-3

**Internt l.nr.** 39835/16

**Sak:** 34/16

**Tittel:** **NOU 2016: 14 Høyring - Meir å hente. Betre læring for elevar med stort læringspotensial**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring vedtek høyringsfråsegna til NOU 2016: 14 *Mer å hente – bedre læring for elevar med stort læringspotensial*, slik det kjem fram av saksframstillinga.

Saksbehandlar: Kenth Rune T. Måren, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 16/7554-2

## **NOU 2016: 14 Høyring - Meir å hente. Betre læring for elevar med stort læringspotensial**

### **Fylkesdirektøren rår Hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:**

1. Hovudutval for opplæring vedtek høyringsfråsegna til NOU 2016: 14 *Mer å hente – bedre læring for elevar med stort læringspotensial*, slik det kjem fram av saksframstillinga.

### Vedlegg:

1. NOU 2016: 14 *Mer å hente – bedre læring for elevar med stort læringspotensial*

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Regjeringa oppretta i september 2015 eit utval som skulle vurdere føresetnadar og kome med tilrådingar om korleis eit variert og tilpassa undervisningstilbod for høgt presterande elevar kan bli gitt innanfor den ordinære opplæringa. Samstundes skulle ein òg vurdere særskilte pedagogiske tiltak spesielt tilrettelagt for gruppa eller einskildelevar. I mandatet vart utvalet utfordra til å vurdere organisatoriske, pedagogiske, didaktiske, sosiale, juridiske og økonomiske forhold.

Gruppa leverte rapporten sin til kunnskapsdepartementet 15. september. Høyringsfrist er sett til 9. desember 2016. [Rapporten ligg ved saka.](#)

Rapporten «Mer å hente» peikar på at relativt mange elevar opplever at dei ikkje har eit læringsmiljø der dei kan få realisere sitt store potensiale for læring. Dette kan føre til at ein mistar eineståande kompetansar som kan gi både verdiskaping og samfunnsutvikling.

### **2. Høyringsuttale**

For å systematisere arbeidet har utvalet kategorisert organisatoriske, pedagogiske, didaktiske, sosiale, juridiske og økonomiske forhold i tre hovudgrupper: *Kunnskap, forskning og erfaringar, kompetanse og undervisningspraksis og rådevilkår*. Uttala er strukturert sameleis.

### Kunnskap, forskning og erfaringar

Fylkesdirektøren for opplæring deler utvalet sitt syn på at det å bli sett og verdsett er særskilt viktig både for eleven sin trivsel og for at det beste resultatet skal bli nådd. Elevar med høgt læringspotensiale vil føle seg utanfor og ha låg motivasjon dersom dei ikkje får dei utfordringane dei treng. Motsett vil eit læringsmiljø prega av trivsel og høge forventningar påverke elevane sine resultat i positiv retning (TIMSS 2011). Utvalet seier m.a. på side 37 at «*det er behov for varierte undervisningsformer som tar hensyn til den enkelte elevs forutsetningar, men som likevel oppmuntrer til samarbeid*».

Fylkesdirektøren deler utvalet si vurdering av at det, basert på internasjonal forskingsoppsummering frå Kunnskapssenter for utdanning, må vere eit sterkt samband og ein tydeleg samanheng mellom forskning, lærarutdanning og praksis i klasserommet, skildra slik på side 39:

*Oppsummeringen legger også stor vekt på behovet for mer forskning spesifikt om elever med stort læringspotensial, og at kunnskap om disse elevene må knyttes til lærerutdanningen. Forskningsoppsummeringen viser at de fleste lærere ikke får kunnskap om særtrekk ved disse elevene gjennom lærerutdanningen eller etterutdanningen.*

Likevel er det fylkesdirektøren si vurdering at gruppa i altfor liten grad har vurdert pedagogisk psykologisk teneste (PPT) sin moglegheit til å medverke til at elevar med stort potensiale for læring blir realisert. Det er viktig at det blir lagt til rette for at PPT, i tillegg til lærarar, i grunn- eller etterutdanning ervervar seg kompetanse på området.

Fylkesdirektøren støttar utvalet sitt spørsmål om

*.... læreres noe ensidige undervisningspraksis og behov for kompetanse i å fremme elevenes læringsstrategier påvirker hvorvidt flere norske elever får de redskapene de trenger for å svare på oppgaver på høyt og avansert nivå.*

### Kompetanse og undervisningspraksis

Rapporten peikar på at det for elevar med stort læringspotensiale, er særskilt viktig at læringsmiljøet er både utfordrande og støttande, og det føreset at lærarane motiverer og møter elevane sitt læringsbehov og føresetnadar. Eit framifrå læringsmiljø er ein ønska standard som skulane må strekke seg mot. Det fordrar at skulen har ei felles forståing og eigarskap knytt til måla og forventningane for læringsarbeidet, og at dei blir rusta til å klare ei tilpassa opplæringa for alle. Skulen må vurdere eigen praksis og ståstad ved å kartlegge sterke sider dei vil bygge vidare på og kva utviklingsområde dei vil satse på.

Fylkesdirektøren støttar utvalet si vurdering av at skular og lærarar treng kunnskap om kva elevar med stort læringspotensiale har behov for. Fylkesdirektøren er og samd med utvalet om at det er behov for å vite meir om kva som fremjar læring for *alle* elevar dersom tilpassa opplæring skal praktiserast etter opplæringslova §1 - 3.

Utvalet rår til at ein skal justere teksten i opplæringslova § 1-3 frå «*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten*» til «*Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten slik at kvar enkelt får utvikla og utnytta læringspotensialet sitt.*» Fylkesdirektøren støttar denne tilrådinga.

#### Råmevilkår

Utvalet peiker på at å legge til rette for forsering for elever som har behov for denne type tiltak, må vere uavhengig av geografi og økonomi. Vidare meiner utvalet at det må lagast gode og kontinuerlege løp for desse elevane, men at elevgruppa ikkje bør overstige ein til to prosent av elevpopulasjonen. Utvalet seier at intensjonen først og fremst må vere at det ordinære opplæringstilbodet er godt nok til å ta vare på dei aller fleste elevane, utan at forsering er naudsynt for fagleg stimulering. Likevel tilrår utvalet at nasjonale styresmakter må vurdere tiltak for å sikre at skuleeigarar samarbeider og tek ansvar for tilbod om forsering av aktuelle elevar.

Fylkesdirektøren støttar desse vurderingane, men vil peike på at utvalet i altfor liten grad har vurdert utfordringane fylker med små og spreidde fag- og forskingsmiljø og ein geografisk spreidd skulestruktur kan møte.

### **3. Konklusjon**

Felles for alle tilrådingane er at dei støttar opp om hovudprinsippet om at det er gjennom tilpassa opplæring, framifrå læringsmiljø og kollektiv profesjonsutvikling vi når målsettingane for elevar med stort læringspotensial.